



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon
Haldis Håboldøy, 5557 2256

Vår dato
03.11.2017
Deres dato
«REFDATO»

Vår referanse
2017/5361 632.3
Deres referanse
«REF»

Kommunene i Hordaland

Kap. 225 post 66 - Tilskot til leirskoleopplæring - foreslått endring i forvaltninga av tilskotsordninga frå og med 2018

Vi viser til Prop 1 S (2017 – 2018) for Kunnskapsdepartementet sidene 81-82, som omhandlar budsjettforslaget for 2018 for kap. 225 post 66 – Tilskot til leirskoleopplæring. Som det går fram der, blir det foreslått ei omlegging av tilskotsforvaltninga av denne ordninga. Forvaltninga er no i all hovudsak ivaretatt av fylkesmennene, men vil etter eit vedtak i samsvar med budsjettforslaget bli overført til Utdanningsdirektoratet for både tilskotstildeling og tilskotsutbetaling.

Formålet med omlegginga av tilskotsforvaltninga er å frigjere tidsressursar for fylkesmennene, og forenkle kommunane sin søknads- og rapporteringsprosess i tilskotsordninga.

Gjennomføringstidspunkt og berekningsgrunnlag for tilskot

Forvaltningsendringa er foreslått gjennomført frå og med **vårhalvåret 2018**. Dette vil innebere at **hausthalvåret 2017 blir siste søkerdsomgang** som Fylkesmannen skal gjennomføre i tilskotsordninga.

All tilskotstildeling og tilskotsutbetaling til kommunane for leirskoleopplæring i 2017, må blir gjennomført før årsregnskapet til Fylkesmannen blir avslutta i 2017.

Fylkesmannen ber om at søknad om leirskoleopp hold blir sendt oss innan **11.desember 2017. For sein innkommen søknad kan ikkje forvente å bli innvilga.**

Den foreslalte omlegginga frå og med våren 2018 vil innebere at kommunane ikkje lenger skal sende inn ein eigen tilskotssøknad for leirskoleopplæring, verken til Fylkesmannen eller til Utdanningsdirektoratet.

Avklaring om forvaltningsendringa og informasjon til kommunane blir sendt frå Fylkesmannen.

Det er forventa at Stortinget vil fatte vedtak for statsbudsjett 2018 innan 21.12.2017. Fylkesmannen vil så snart som mogleg etter dette gi kommunane beskjed om Stortingets vedtak med omsyn til forvaltninga av tilskot til leirskoleopplæring for 2018.

Utdanningsdirektoratets nettside www.udir.no vil gir oppdatert informasjon om dette,
det vil også Fylkesmannen gjøre.

Hanne Melander
seniorrådgjevar

Haldis Håpoldøy
seniorkonsulent

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.